



ÅRSMELDING 2020/21



Sogn og Fjordane Friidrettskrins vart vinnarar av LERØY-leikane 2021 i Måndalen. Foto: Asgeir Årdal

Innholdsregister:

Sakliste	side 3
Sakshandsaming/innstillingar	side 4-6
Tillitsvalde SFFIK	side 7
Årsmelding frå styret 2020/21	side 7-19
Rekneskap 2020/21 / budsjett 2022	side 20-21
Melding frå kontrollutvalget	side 22
Resultat over 1000p J/G 2020/21	side 23-24

KRINSTINGET

Søndag 27.03.2022

Tinget opnar kl. 16.00

Møtestad: Skei Hotell

Saklista til friidrettstinget.

- Sak 1 Opning av tinget**
- Sak 2 Godkjenning av fullmaktene**
- Sak 3 Konstituering av tinget**
- Sak 4 Årsmelding 2020/21**
- Sak 5 Rekneskap 2020/21**
- Sak 6 Endring av Sogn og Fjordane Friidrettskrins si lov**
- Sak 7 Støtte til klubbar med utøvarar på rekruttlandslag**
- Sak 8 Krinskontingent 2022**
- Sak 9 Krinskontingent 2023**
- Sak 10 Budsjett 2022**
- Sak 11 Budsjett 2023**
- Sak 12 Val etter lova for SFFIK**
- Sak 13 Handlingsprogram for SFFIK 2022-2025**
- Sak 14 Tid og stad for neste friidrettsting**
- Sak 15 Utdeling av prisar og heidersteikn**
- Sak 16 Avslutning**

Sak 1. OPNING AV TINGET

Opnings- og helsingstaler.

Sak 2. GODKJENNING AV FULLMAKTENE

Krinsstyret har kontrollert lista over fullmakter.

Styret sitt framlegg til friidrettstinget:

Friidrettstinget godkjenner fullmaktene.

Sak 3. KONSTITUERING AV TINGET

A) Saklista.

Styret sitt framlegg til friidrettstinget:

Friidrettstinget godkjenner utsende sakliste.

B) Forretningsorden til tinget.

Styret sitt framlegg til Friidrettskrinstinget:

Friidrettskrinstinget godkjenner følgjande forretningsorden:

1. Tinget vert leia av 1 vald dirigent. Protokollen vert ført av den valde sekretæren.
2. Ønskjer ein representant ordet, varslar han dirigenten om det ved å løfte tildelt nummerlapp. Ordet vert gjeve etter tur. Ordet vert gjeve frå utsendingane sin tilviste plass i møtesalen.
3. Ingen representant får ordet meir enn 3 gonger i same sak. Taletida for innleiingsforedrag om saker med framlegg til vedtak i saklista, vert sett til maksimum 15 minuttar. Taletida elles vert sett til 5 min. andre og tredje gongen. Representantar som krev ordet til forretningsorden har taletid i 1 minutt. Dirigenten har rett til å gjere framlegg om strek.
4. Alle framlegg må leverast skriftleg til dirigenten, underskrivne med namnet til representanten og organisasjonsleddet. Tidlegare framlegg kan ikkje trekkast attende og nye framlegg kan ikkje settast fram, etter at det er sett strek eller etter at saka er teken opp til avrøysting.
5. Alle vedtak og val vert gjort med vanleg fleirtal, med dei unntak lova fastset. I alle val der det ligg føre meir enn eitt framlegg, vert det nytta skriftleg avrøysting. Alle andre avrøystingar vert gjort ved røysteteikn. Berre når dirigenten er i tvil, eller tinget krev det, vert det føreteke avrøysting ved namnopprop.
6. I protokollen fører ein inn framlegg og vedtak, talet på røyster for og i mot dersom tinget krev det, og namnet på dei som hadde ordet i saka.
7. Protokollen vert underskriven av 2 valde representantar.

C) Val av dirigent.

Styret sitt framlegg til friidrettstinget:

Som dirigent vert vald:

Johnny Solheimsnes, Jølster IL

D) Val av sekretær.

Styret sitt framlegg til friidrettstinget:

Som sekretær vert vald: Merete Helgheim, styret

E) Val av tellekorps.

Styret sitt framlegg til friidrettstinget:

Som tellekorps vert valde:

Kjell Olav Førde, styret i SFFIK.

Asgeir Årdal, administrasjon i SFFIK.

F) Val av to representantar til å skrive under møteprotokollen.

To til å skrive under møteprotokollen:

G) Val av redaksjonsnemnd.

Styret sitt framlegg til friidrettstinget:

Val av redaksjonsnemnd:

Håkon Løseth, leiar

+ 2 repr etter framlegg frå tinget

Sak 4. ÅRSMELDING 2020/21.

Styret sitt framlegg til friidrettstinget:

Friidrettstinget godkjenner årsmeldinga for 2020/21.

Sak 5. REKNESKAP 2020/21.

Styret sitt framlegg til friidrettstinget:

Friidrettstinget godkjenner rekneskapen for 2020/21.

Overskot for 2020/21 vert tilført SFFIK sin frie egenkapital.

Sak 6. Endring av Sogn og Fjordane Friidrettskrins si lov

NIF har gjort endringar i lovnorma for særkrinsane. Sogn og Fjordane Friidrettskrins må endre lova si slik at den blir i samsvar med NIF si lovnorm.

Styret sitt framlegg til friidrettstinget:

Ny lov for Sogn og Fjordane Friidrettskrins vert godkjent.

Sak 7. STØTTE TIL KLUBBAR MED UTØVARAR PÅ REKRUTTLANDSLAG

Sogn og Fjordane Friidrettskrins har årleg fleire utøvarar representerte på ulike landslag.

Friidrettskrinsen ynskjer å leggje til rette for at kostnadane for utøvar/klubb blir så lite som mogleg i samband med dette.

Styret sitt framlegg til friidrettstinget:

Sogn og Fjordane Friidrettskrins set av budsjettsum på inntil 40 000 kr for 2022 til å dekkje dokumenterte reiseutgifter og eigenandelar for utøvarar i samband med

rekrutteringssamlingar per kalenderår. Laget til den aktive sender dokumentert oversyn til friidrettskrinsen innan utgangen av året. Styret får fullmakt til å fastsette budsjettsum til dette føremålet i 2023. Saka skal opp på nytt på tinget i 2024.

Sak 8. KRINSKONTINGENT 2022

Under krinstinget i 2020 vart styret i friidrettskrinsen utfordra på ein tydelegare modell for sats for krinskontingent. Styret har jobba med dette, og har mellom anna sett på fleire av dei andre kretsane sin berekning av krinskontingent.

Styret sitt framlegg til friidrettstinget:

Styret viderefører same gjeldande kontingentsats også i 2022.

Sak 9. KRINSKONTINGENT 2023

Styret sitt framlegg til friidrettstinget:

Styret får fullmakt til å fastsetje krinskontingent 2023.

Sak 10. BUDSJETT 2022

Styret sitt framlegg til friidrettstinget:

Friidrettstinget godkjenner budsjettforslaget for 2022.

Sak 11. BUDSJETT 2023

Styret sitt framlegg til friidrettsinget:

Styret får fullmakt til å vedta budsjett for 2023.

Sak 12.. VAL ETTER LOVA FOR SFFIK.

Sak 13. HANDLINGSPROGRAM SFFIK 2022-2025

Forbundet sentralt har jobba fram to ulike malar for handlingsplan, der friidrettskrinsen har valt ein av desse. På bakgrunn i dette er det utarbeidd forslag til handlingsprogram for kommande tingperiode basert på strategisk plan i NFIF.

Styret sitt framlegg til friidrettstinget:

Handlingsplan for perioden 2022 – 2025 vert godkjent.

Sak 14. TID OG STAD FOR NESTE FRIIDRETTSTING

Styret sitt framlegg til friidrettstinget:

Styret får fullmakt til å avgjere tid og stad for neste friidrettsting i 2024.

Sak 15.. UTDELING AV PRISAR OG HEIDERSTEIKN

Sak 16. AVSLUTNING

**ÅRSMELDING FOR SOGN OG FJORDANE FRIIDRETTSKRINS
FOR PERIODEN 01.01.20 TIL 31.12.21.**

TILLITSVALDE:

1.1 Styret:

Leiar:	Håkon Løseth	Førde IL
Nestleiar:	Merete Helgheim	Førde IL
Styremedlem:	Øystein Støfring	Jølster IL – ungdomsrepr.
Styremedlem:	Kjell Olav Førde	Jølster IL
Styremedlem:	Ingeborg Tysnes	Svint IL
1. vara	Ragnhild Fjærestad	Vik IL
2. vara	Merete Moen	Jotun IL
Vara ungdomsrepr:	Elias Slåtten	Jølster IL

KONTROLLUTVAL:	Jøran Laukeland	Førde IL
	Sigmund Moldestad	Førde IL
1.vara:	Linn Katrin Bakke	Haugen IL

VALNEMND:

Leiar:	Jan Svoen	Førde IL
Medlem:	Tor Inge Myrhol	Svelgen TIF
Medlem:	Reidar Moldestad	Breimsbygda IL

DOMMARUTVAL

Leiar:	Dagfinn Nyhammer	Fjellhug/Vereide IL
Medlem:	Birger Berge	Fjellhug/Vereide IL
Medlem:	Birgith Hjelle Roset	STIL
Personlege vara:	Ole Perry Lødemel	Hornindal IL
	Joar Sunde	Olden IL
	Hans-Petter Galtung	Olden IL

Representant på ledermøte og høstmøte i NFIF

Leiar i styret :	Representant
Nestleiar i styret :	Vararepresentant

UTSENDINGAR TIL FORBUNDSTINGET I NFIF:

Leiar, nestleiar med øvrige styremedlemmer som vara.

1 OPPNEMNDE REPRESENTANTAR OG UTVAL:

Statistikk/rek.utval:

Leiar:	Jørund Årdal	Gloppen FIL
	Johnny Solheimsnes	Jølster IL
Serieansvarleg:	Jørund Årdal	Gloppen FIL

2 Møter:

2.1 Styremøter:

Det vart avvikla i alt 6 styremøter i tingperioden. Det har vore god kommunikasjon mellom styret og administrasjon via e-post, teams, og telefon på driftsoppgåver og aktuelle saker.

2.2 Viktige saker som styret/administrasjon har arbeidd med:

Økonomi/Budsjett

Krinskontingent

Handlingsprogram

Arrangement og Covid-19

Krinssamlingar

Friidrettsturnè

Idrettens Møteplass

Utstyrsprosjekt

LERØY-leikane med samlingar

Fordeling av særkretstilskot frå Vestland Idrettskrets

Fellesidrettslege saker med andre særkrinsar/idrettskrins

Terminlistearbeid-eigen og samordning med andre idrettar

Rådgeving i anleggssaker

Rådgeving og møte knytt til hall for friidrett i Førde.

Omtale av dei viktigaste sakene:

Økonomi/Budsjett

Krinsen har god økonomi og god egenkapital, det har difor ikkje vore utfordringar knytt til økonomi i tingperioden. Krinsen har sikre inntekter der dei viktigaste er krinskontingent, lisens, regionstilskot frå NFIF, særkrinstilskot frå Vestland Fylkeskommune og bingoinntekter.

Krinskontingent.

Krinstinget 2019 vedtok at medlemsklubbane skulle bli fritekne for krinskontingenten i 2020 grunna utfordringar knytt til koronapandemien. Friidrettskrinsen fekk 75 000,- frå Sparebankstiftinga i gåvemidlar til dette føremålet. Krinskontingent for 2021 er uendra frå tidlegare år.

Handlingsprogram

Forbundet sentralt har jobba fram felles mal for handlingsplaner for dei ulike friidrettskretsane. Frå 2022 følgjer Sogn og Fjordane Friidrettskrins dermed mal frå forbundet sentralt, men står sjølve fritt til å prioritere innhald i denne.

Arrangement og Covid-19

Det har gjennom heile koronapandemien vore utfordrande for både klubbar og krins. Det har vore retningslinjer knytt til gjennomføring av trening og konkurransar. Ein del stemner har blitt avlyst som ein konsekvens av dette. Fleire av klubbane har likevel greidd å halde oppe eit godt aktivitetstilbud trass retningslinjene knytt til smittevern.

Krinssamlingar

Vi har gjennomført fleire samlingar på tvers av klubbgrensene. Vi har nytta oss av kompetansen ute i klubbane som trenarar, i tillegg hatt god hjelp frå Eivind Øygard og Tor Inge Myrhol. Fleire av desse samlingane har vore med overnatting, og vi trur at slike samlingar er viktige både sportsleg og for miljøet i friidretten i vår krins.

Friidrettsturne

I 2019 starta krinsen opp med friidrettsturne. Bakgrunnen for tiltaket var å auke aktiviteten ute i medlemslaga våre – gjerne der aktiviteten har vore nede i ein bølgedal. Vi fekk støtte av Sparebankstiftinga til dette, og dei auka støtten til det same tiltaket i 2020. Grunna korona-pandemien har det vore noke redusert tilbod gjennom Friidrettsturnen i 2020 og 2021, men ein har likevel klart å gjennomføre ein del slike stemner. Dette har vore ein suksess, og vil bli prioritert også i åra som kjem.

Idrettens Møteplass

Vestland Idrettskrets arrangerer Idrettens Møteplass, og Sogn og Fjordane Friidrettskrins er ein del av dette saman med orienteringskrinsen og skikrinsen. Her inviterer vi til haustmøte, der alle medlemslaga våre er velkomne. Her har vi dei siste to åra hatt terminlistemøte, i tillegg til arrangementskurs dei siste to åra.

Utstyrsprosjekt

Sogn og Fjordane Friidrettskrins har gjennom tingperioden fått støtte både av Vestland Idrettskrets (100 000,-) og Sparebankstiftinga (500 000,-). Midlane skal gå til innkjøp av nytt tidtakarutstyr på bane, samt tre tidtakarstasjonar til tidtaking på mosjonsløp/motbakkeløp. Dette er utstyr som medlemslaga kan nytte fritt, og som vil ta ned kostnadane for klubbane ved å arrangere slike arrangement.

LERØY-leikane med samlingar

Krinsen har hatt lag i krinskonkurransen som er initiert av NFIF der ein begge åra i tingperioden har hatt lag til LERØY-leikane på Haugesund (2020) og Måndalen (2021) for 13 og 14 åringane. Lagkonkurransen er mot Hordaland, Rogaland og eit samansett lag for begge kretsane i Agder. Grunna Covid-19 måtte Sogn og Fjordane ta del i meisterskapen i Måndalen i 2021, der ein vann konkurransen foran friidrettskretsane i Møre og Romsdal, Sør-Trøndelag, Nord-Trøndelag, Nordland, Troms og Finnmark.



Deler av Sogn og Fjordane sin tropp under LERØY-leikane i Måndalen i 2021.

Foto: Asgeir Årdal

Fordeling av særkretstilskot frå Vestland Idrettskrets

Etter at Sogn og Fjordane Idrettskrins og Hordaland Idrettskrets vart slegne saman til Vestland Idrettskrets skal friidrettskretsane i dei to kretsane fordele sitt tilskot seg i mellom. Det har vore fleire møter med Hordaland for å bli einige om denne fordelinga.

Fellesidrettslege saker med andre særkrinsar/idrettskrins

Krinsen har vore representert både administrativt og politisk på ulike fellesidrettslege møte i hovudsak i regi av Vestland Idrettskrets.

Terminlistearbeid-eigen og samordning med andre idrettar

Det er nettbasert løysing for stemnesøknader og terminliste. Dette gjev meir fleksibilitet men samstundes utfordringar med å få inn søknader i god tid slik at ein får ei god terminliste utan uheldige kollisjonar. Stort sett har ein klart å unngå kollisjonar på løp utanfor bane der det er mest arrangement i ein kort sommarsesong. Terminlistemøtet i samband med Idrettens Møteplass har bidrege til dette.

Rådgjeving i anleggssaker

Krinsen har dei siste åra merka auka etterspørsel etter råd i samband med drift og vedlikehald av anlegg i tillegg til råd ved planlegging av utbygging av anlegg. Dette er viktig kompetanse å få for idrettslaga slik at ein får ei utforming av anlegga som er idrettsfunksjonell og god.

Rådgjeving og møte knytt til hall for friidrett i fylket.

I friidrettskrinsen si handlingsplan er det gjeve tydeleg signal om at ein skal arbeide for å få bygd ein hall med rundløpsbane med fast doserte svingar. I konseptet Førde Arena er det teikna inn slike fasilitetar for friidrett, og slik vi ser det er desse planane realistiske å få til. Det har vore fleire møter der dette temaet har vore på agendaen. Dette arbeidet må halde fram også i neste tingperiode.

Friidrettens Dag/Friidrettsskular

Dei ulike konseptane har vore nytta av klubbar over heile fylket med lokale tilpassingar. Gjennom desse tiltaka får klubbane mykje godt materiell som er tilbydd frå NFIF. Fleire av klubbane er flinke til å arrangere, og krinsen støttar ved behov.

Tinestafetten 2020/2021

I 2020-sesongen vart Tinestafetten avlyst i heile landet grunna korona-pandemien. I 2021 deltok om lag 3000 i Sogn og Fjordane på arrangementet.

3 Aktivitetstal, lag i Sogn og Fjordane Friidrettskrins:

3.1 Idrettsregistreringa – aktivitetstal:

Tala knytt til idrettsregistreringa er eit av dei viktigaste kriteria i mange fordelingssaker. Det er difor viktig for friidretten i Sogn og Fjordane at alle friidrettsgruppene registrerer sin aktivitet via *Samordna Rapportering*. I Idrettsregistreringa skal det registrerast tal aktive medlemmer i dei ulike aldersgruppene og kjønn. Både dei som trenar, konkurrerer, eller på ein annan måte bidreg til aktivitet i idrettslaget, skal registrerast som aktive i den greina deira aktivitet er knytt til. Greiner i friidrett er: 1:Friidrett på bane. 2:Gang mosjon og turmarsj. 3:Løp utanfor bane. 4:Øvrig friidrett.

Sogn og Fjordane Friidrettskrins - Friidrettstinget 2022

	2016	2017	2018	2019	2020		2016	2017	2018	2019	2020
Almenning Idrettslag	52	66	67	2	39	Jølster IL	327	338	346	259	98
Aurland IL	66	122	7	29	146	Kaupanger IL	3	8	129	1	0
Balestrand IL	351	311	93	91	82	Kyrkjebø IL	89	348	321	347	127
Breimsbygda IL	217	299	192	169	137	Lavik IL	103	43	15	25	17
Brekke IL	136	120	119	93	122	Leirgulen IL	17	6	1	96	140
Bremanger IL	3	6	7	7	1	Loen IL	6	173	180	188	186
Bulandet IL	7	32	11	4	0	Luster IL	121	29	36	31	57
Dale IL	199	1	1	42	48	Lærdal IL	180	82	122	187	126
Dalsøyra IL	67	207	143	177	174	Markane IL	314	222	112	258	226
Davik IL	38	4	1	3	1	Modig IL	41	93	87	55	78
Eid IL	26	1	1	1	1	Måløy IL	2	2	1	3	4
Eikefjord IL	42	118	300	185	207	Norddalsfjord IL	17	17	12	1	1
Eivindvik IL	344	286	306	325	312	Olden IL	107	33	21	167	121
Fanaråk IL	73	82	83	66	86	Oppstryn IL	20	20	21	17	25
Feios IL	77	75	63	44	46	Sandane Turn og Idrettslag	107	118	114	99	83
Fjellhug/Vereide IL	203	202	353	472	399	Selje IL	207	3	3	3	3
Fjærland IL	50	46	42	28	33	Sogndal IL	16	15	200	1	15
Florø Tog IF	556	190	332	282	388	Stadlandet IL	38	33	36	52	13
Førde IL	323	521	525	559	454	Stryn T og IL	48	34	63	51	50
Gaular IL	311	184	93	24	23	Studentspretten IL	38	1	1	1	0
Gloppen Friidrettslag	122	79	98	1	62	Stårheim IL	23	22	24	26	26
Hafslo IL	1	63	4	5	11	Svelgen T&IF	44	75	283	219	194
Hardbagg IL	109	181	93	89	79	Svint IL	23	28	24	24	11
Haugen IL	26	74	35	42	38	Syril IL	87	73	61	31	21
Heia IL	31	13	1	1	18	Tambarskjelvar,IL	113	108	108	99	74
Hornindal IL	182	92	119	103	94	Vadheim IL	55	55	78	53	47
Hyen IL	141	139	135	134	135	Vik IL	350	535	66	66	84
Hyllestad IL	12	15	1	7	7	Vikane IL	10	204	86	99	73
Høyang,IL	51	138	71	97	107	Viksdalen IL	113	79	228	1	0
IL Bjørn	346	219	174	185	5	Von IL	28	61	51	59	21
IL Brodd	242	251	278	202	218	Ålfoten IL	14	14	42	13	50
Jotun IL	64	127	47	112	161	Årdalstangen IL	2	2	10	82	27
							7131	7138	6677	6195	5632

Aktivitetstala for 2021 er ikkje offentlege før august 2022.

4 Utdanning:

4.1 Trenarutdanning:

Det har blitt avvikla aktivitetsleiarkurs (friidrett for barn-kurs) i Naustdal og Florø, i tillegg til nettbasert kurs.

4.2 Dommarutdanning:

Det har vore gjennomført godkjenning/sertifisering av nye krinsdommarar og startarar. Det har blitt arrangert stararkurs på Skei og dommarkurs i Florø.

5 Arrangert stemner i krinsen:

5.1 Viktige arrangert stemner i krinsen:

Stemner:	2020	2021
KM bane alle klassar	Førde	Vik IL arrangerte KM i Førde
NM veteran		Førde IL
NM maraton		Jølster IL
NM motbakkeløp		Førde IL

7. Rekordar, resultat i internasjonale og nasjonale stemner:

7.1 Krinsrekordar:

Følgjande senior krinsrekordar vart sette i 2020:

Slegge	Thomas Mardal	Gloppen FIL	74,28
3000 meter	Eivind Øygard	Jølster IL	8.06,71
Halvmaraton	Eivind Øygard	Jølster IL	1.04,39

Følgjande senior krinsrekordar vart sette i 2021:

Slegge	Thomas Mardal	Gloppen FIL	76,74
5000 m	Eivind Øygard	Jølster IL	13.37,45
400 meter	Øyvind Strømmen Kjerpeset	Florø T og IF	47,06
1500 m	Eivind Øygard	Jølster IL	3.44,31
10000 m	Eivind Øygard	Jølster IL	28.45,40
Vektkast	Thomas Mardal	Gloppen FIL	24,46

7.3 Norgesmeisterskap:

Medaljer UM 2020, Jessheim

1	Steffen Melheim	Olden IL	G17	Diskos	57,51
1	Mathias Reksten Dale	Breimsbygda IL	G17	Kule	16,19
2	Maja Fuglestrand Baade	Olden IL	J15	Spyd	37,81
2	Leif Magnus Grov Husevåg	Brodd IL	G15	Slegge	49,54
2	Jakob Slåtten	Jølster IL	G15	300m hekk	41,14
2	Jakob Slåtten	Jølster IL	G15	100m hekk	13,91
3	Ruben Alexander Eide Gjerde	Olden IL	G15	Lengde	6,14

Sogn og Fjordane Friidrettskrins - Friidrettstinget 2022

3	August Da silva Sveen	Jotun IL	G16	800m	2.01,28
Medaljer NM junior 2020, Kristiansand					
2	Tonje Sundal	Jølster IL	U20	Spyd	38,35
2	Arne Osnes Devik	Gloppen FIL	U20	slegge	47,61
Medaljer UM innandørs 2020, Bærum					
1	Mathias Reksten Dale	Breimsbygda IL	G17	Kule	15,43
2	Kristoffer Sandal	Jølster IL	G15	1500m kappgang	7.53,68
2	Jakob Slåtten	Jølster IL	G15	60m hekk	8,60
Medaljer NM mangekamp innandørs 2020, Nes					
1	Henrik Holmberg	Vik IL	MS	Mangekamp	5301p
Medaljer NM halvmaraton 2020, Jessheim OK					
3	Eivind Øygard	Jølster IL	MS		1.05,17
Medaljer NM senior 2020 Fana					
2	Evald Osnes Devik	Gloppen FIL	slegge		65,10
Medaljer NM junior 2021, Ravnanger OK					
1	Steffen Melheim	Olden IL	U20	Kule	15,72
1	Steffen Melheim	Olden IL	U20	Diskos	55,32
3	Håkon Hjelle Roset	Gloppen FIL	MJ U23	Slegge	54,05
3	Tonje Sundal	Jølster IL	KJ U20	Spyd	41,41
3	Margrete Strømmen Kjerpeset	Florø T og IF	KJ U20	400 meter hekk	1.03,87
Medaljer NM senior 2021, Kristiansand OK					
1	Øyvind Strømmen Kjerpeset	Florø T og IF		400 m. hekk	51,13
2	Else Lundestad Bakkeliid	Gloppen FIL		Diskos	45,42
3	Mathias Andreas Reksten Dale	Breimsbygda IL		Kule	15,15
3	Evald Osnes Devik	Gloppen FIL		Slegge	60,48
Medaljer UM 2021, Trondheim					
1	Mathias Reksten Dale	Breimsbygda IL	G18	Kule	16,60
1	Steffen Melheim	Olden IL	G18/19	Diskos	53,63
2	August Da silva Sveen	Jotun IL	G17	3000m	8.53,39
2	Leif Magnus Grov Husevåg	Brodd IL	G16	Slegge	49,05
3	Tonje Sundal	Jølster IL	J18/19	Spyd	37,04
3	Jakob Slåtten	Jølster IL	G16	300m hekk	41,33
3	Maja Fuglestrand Baade	Olden IL	J16	Spyd	38,99
3	August Da Silva Sveen	Jotun IL	G17	800 meter	1.57,77

Medaljer NM motbakkeløp 2021, Førde OK

2	Håvard Klakegg	Jølster IL	M15-22
2	Karoline Holsen Kyte	Førde IL	KS
3	Mathea Bråstad	Hyllestad IL	K15-22
3	Trym Dalset Lødøen	Haugen IL	M15-22



GULL: Henrik Holmberg tok gull i NM mangekamp innandørs 2020. Foto: Privat

Oversikt alle resultat meisterskap i 2020:

<https://www.friidrett.no/globalassets/aktivitet/statistikk/norske-mesterskap/2020.pdf>

7.4 Resultat over 1000 poeng for jenter/gutar 11-18 år.

Oversikt over utøvarar har over 1000 poeng på Tyrvingtabellen i 2020 og 2021 følgjer i eigen tabell lenger ut i årsmeldinga.

7.5 Veteranidretten.

Veteranar frå Sogn og Fjordane har markert seg med medaljer og gode plasseringar i NM. I tillegg har utøvarar frå fylket delteke internasjonalt med flotte plasseringar. Krinsen har vore representert både på utandørs og innandørsmeisterkapa for veteranar. Det er også sett fleire nasjonale bestenoteringar i ulike veteranklassar i tingperioden. I 2021 vart veteran-NM arrangert i Førde, og det vart difor auka lokal deltaking på meisterskapen.

8 Stipend og utmerkingar.

8.1 Idrettsstipend i tingperioden:

Sogn og Fjordane Idrettskrins delte i 2019 ut stipend til unge idrettsutøvarar i fylket, gjennom ordninga Stiftinga Idrettsfond Sogn og Fjordane. Steffen Melheim (Olden IL) fekk tildelt stipend på 10 000,-.

8.2 Vener av friidretten i Sogn og Fjordane:

Der har ikkje vore aktivitet i stiftinga i denne tingperioden.

8.4 Heidersteikn/utmerkingar:

Håkon Løseth, Førde IL mottok Forbundets erkjenningsbevis under veteran-NM i Førde i 2021.

Friidrettens venners ærespris:

Trenar/leiar for 2020:	Thor Kjerpeset, Florø T og IF
Trenar/leiar for 2020:	Tone Strømmen Kjerpeset, Florø T og IF
Beste 18 åring 2020:	Margrete Strømmen Kjerpeset, Florø T og IF Håvard Klakegg, Jølster IL
Beste 18 åring 2021:	Steffen Melheim, Olden IL Emilie Flo Stavik, Markane IL

9 Mottekne og løyvde midlar.

9.1 Mottekne ekstraordinære midlar.

Ein har motteke gåvemidlar frå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane i tingperioden. Ein har også motteke støtte både frå Vestland Fylkeskomme og Vestland Idrettskrets.

9.2 Idrettsleg satsing / klubbtilskot.

Krinsen har dekkja eigenandelar både i 2020 og 2021 på utøvarar som er uttekne på representasjonslag for NFIF der det vert kravd eigenandel.

10 Anlegg:

10.1 Oppfølging av anlegg.

Gaupne har eit nytt anlegg med kunststoffdekke klart, og det var offisielle opning i 2020. Syril har fått nytt kunststoffdekke klart, og det vil bli offisiell opning i 2022. Generelt må anleggssituasjonen i fylket seiast å vere tilfredsstillande mht antal anlegg. Anlegget i Øvre Årdal kan ein karakterisere som i dårleg forfatning på grunn av slitasje og elde og treng rehabilitering. Anlegget på Byrkjelo treng også oppgradering.

Når anleggssituasjonen er god er det viktig med auka fokus på vask og vedlikehald av kunststoffdekk slik at dei store investeringane som er gjort vert teke godt vare på. Det vil bidra til at ein aukar levetida på anlegga betydeleg og at behovet for rehabilitering dermed vert lenger fram i tid. Her har krinsen ei viktig rolle med rettleiing overfor idrettslag og anleggseigarar.

11 Representasjon - tillitsvalde og administrasjon:

11.1 Representasjon:

Følgande har representert SFFIK i ulike organ i 2020/21:

Forbundsting NFIF 2021:	Håkon Løseth, Merethe Helgheim, Silje Løseth.
Idrettskrinsting 2020, digitalt:	Håkon Løseth, Merethe Helgheim.
Haustmøte/leiar møte NFIF 2020/21:	Håkon Løseth
Dagleg leiar møte i NFIF:	Asgeir Årdal
Reiseleiar LERØY-leikane 2020/21:	Tor Inge Myrhol, Eivind Øygard, Asgeir Årdal.
Dommarseminar i NFIF 2020/21:	Dagfinn Nyhammer, Birger Berge
Støtteapparat NFIF ungdom/jun:	Jørund Årdal, Gloppen FIL
Veteranutvalet NFIF:	Johnny Solheimsnes, Jølster IL leiar.

12 Økonomi:

12.1 Økonomisk utvikling:

Sogn og Fjordane Friidrettskrins har styrka økonomien i inneverande tingperiode. Hovudårsakene er låg stillingsprosent i administrasjonen der ein har hatt 60% stilling i tingperioden, stabile inntekter på lisens, momskompensasjon, bingo, særkrinstilskot og krinskontingent.

Eigenkapitalen har ein bygd opp til eit tilfredsstillande nivå og ein har ein bra buffer for å møte tynge tider økonomisk.

13 Oppsummering / Oppgåver i åra som kjem:

13.1 Oppsummering

Det har vore ein utfordrande periode for heile idretten i Norge gjennom koronapandemien. Friidretten har ikkje vore noko unntak. Samstundes har ein klart å oppretthalde aktiviteten godt, og krinsen har vore aktiv pådrivar for at klubbane skal halde oppe aktiviteten både på trening og stemner.

Det har vore eit uttalt mål at ein skal arbeide for gode økonomiske rammvilkår for klubbane. Dei siste åra har styret i friidrettskrinsen saman med administrasjonen prøvd å gjort fleire grep for å lette arbeidet ute i klubbane. Fritak av krinskontingent i 2020 vart totalt ein reduksjon på over 200 000,- for medlemslaga våre vart vedteke på tinget i 2020. Vi har kjøpt inn tidtakarutstyr både på og utanfor bane, som

medlemsklubbane kan nytte fritt. I tillegg har det i tingperioden vore sett av midlar i budsjettet til å dekkje utgifter som utøvarar/klubbar har i samband med landslagssamlingar og landslagsoppdrag.

Det blir jobba kontinuerleg for at stemnetilbodet skal være så godt som mogleg. Spesielt viktig er det å få fleire stemne på bane for rekruttar for at fleire får prøvd friidretten mest mogeleg lokalt. Den nyoppstarta friidrettsturneèn er her eit verkemiddel for å betre dette. Her må ein også ha fokus på utdanning av både trenarar og dommarar slik at klubbane står godt rusta for å auke aktiviteten sin.

Utfordringane framover ligg i å få styrka mottaksapparatet i klubbane og få fleire med i aktivitet og konkurransar. Her er det viktig å ha eit utviklingsfokus med plass for alle utifrå dei ambisjonar ein har. Trivsel og miljø vil vere viktige faktorar for å lukkast med det. I samband med utdanning reiser mange ungdommar ut av fylket og her har klubbane og krinsen ei viktig oppgåve å bidra til at dei held fram med friidrett sjølv om dei ikkje lenger bur og trenar i eige fylke.

Talet på medlemslag i krinsen er stabilt og ein har berre hatt ein utmelding i perioden (Loen IL i 2021). Lisensordninga som vart innført for nokre år attende har i tillegg til inntekter også ført til at både arrangement og utøvarar er forsikra noko som mange ser på som tryggande. Vi har hatt saker der desse forsikringane som lisensen gjev har vorte brukte, noko som er ein tryggleik både for dei aktive og arrangørane våre når uforutsette ting skjer.

Medlems/aktivitetstal etter Idrettsregistreringa som føregår sentralt, viser at Sogn og Fjordane FIK ligg heilt på toppen nasjonalt i forhold til folketalet. Her har det likevel vore ein nedgang dei siste åra. Mosjonsaktiviteten er den som gjev størst volum og laga tilbyr aktivitet for ulike grupper utover tradisjonell friidrett. I eit folkehelseperspektiv er dette viktig og friidretten har tilbod om aktivitet for folk i alle aldrar kringom i heile fylket. Løp som mosjonsaktivitet har auka betydeleg dei siste åra nasjonalt og her bør vere rom for fleire mosjonstiltak i fylket.

Friidretten slit framleis med å ha eit etablert apparat i alle deler av fylket og dette må ein ha fokus på framover. Der vi har mottaksapparat i laga fungerer, får vi og god aktivitet. Dette arbeidet bør prioriterast høgt også i kommande tingperiode.

SFFIK har fått ein solid økonomi og har handlefridom til å gjennomføre tiltak på dei områda ein vil prioritere.

Krinsen må framleis ha eit stekt fokus på klubbutvikling, utdanning og oppfølging av av trenarar, dommarar og leiarar. Kombinert med anleggsutvikling gjev det grobotn for vidare utvikling av friidretten i fylket.

13.2 Nye oppgåver

Å styrke mottaksapparatet slik at alle som ynskjer å drive friidrett på ulikt nivå får eit tilbod, er framleis den viktigaste utfordringa vi har i friidretten. Her er utdanning og klubb utvikling eit viktig stikkord, og må prioriterast også i neste periode.

Koronapandemien gjorde det vanskelegare å gjennomføre fysiske kurs, men samstundes opna det seg opp moglegheiter for digitale møter og kurs – som ein også kan videreføre i framtida.

Utifrå dette ser styret dette som dei viktigaste oppgåvene framover:

- Auka fokus på utdanning av trenarar og dommarar.
- Utvikle friidrettsturnèen vidare
- Sikre vårt område med best mogeleg rammevilkår for friidretten.
- Arbeide for gode økonomiske rammevilkår for klubbar og krins.
- Auka fokus på treningssamlingar og fellestiltak i kretsregi.
- Auka fokus på klubb utvikling og klubbeseøk.
- Sikre at vedlikehald av eksisterande anlegg vert godt ivareteke.
- Legge til rette for fleire breiddetiltak i yngre årsklassar.
- Stimulere til bygging av nærmiljøanlegg for friidrett.
- Arbeide for etablering av fleiridrettshall med fast rundbane for friidrett

Styret vil rette ei stor takk til dagleg leiar som utfører eit fagleg godt arbeid med å utvikle friidrettskrinsen ved tilrettelegging og oppfølging av lag og utøvarar utfrå dei ressursar ein har. Det vert lagt ned eit betydeleg organisatorisk arbeid inn mot idrettskrinsen og friidrettsforbundet.

Det har vore ei stor ære å være styreleiar i friidrettskrinsen sidan 2010. Vil takke alle tillitsvalgte, utøvarar og trenarar som ein har hatt eit godt samarbeid med gjennom alle desse åra.

Styret i Sogn og Fjordane Friidrettskrins
Håkon Løseth
-styreleiar-


Rekneskap 2021-2020 / Budsjett 2022

	Rekneskap 2020	Rekneskap 2021	Budsjett 2022
INNETEKTER			
Drift/administrasjon			
NFIF - Regionstilskudd	172 328,00	186 616,00	190 000
NFIF - Startkont./ lisens	53 475,00	58 692,00	70 000
Tilskudd idrettskrets	74 521,65	70 660,46	70 000
Lagskontingent		210 000,00	210 000
Bingoinntekter	72 749,12	64 142,42	65 000
Grasrotinntekt	31 463,59	38 385,62	40 000
Momskompensasjon	39 719,00	51 180,00	50 000
Andre inntekter		2 000,00	2 000
Andre tilskudd		140 000,00	100 000
Utstyrsprosjekt			500 000
	519 255,36	821 676,16	1 297 000
Aktivitetsinntekter			
Ungdomsaktivitet	20 108,00	22 697,00	25 000
Kretssamlinger	4 470,00	46 150,00	19 500
Friidrettsturne	10 000,00	120 000,00	50 000
Utdanning	18 781,00	2 068,00	2 000
Sum aktivitetsinntekter	53 359,00	190 915,00	106 500
SUM INNETEKTER	572 614,36	1 012 591,16	1 393 500
KOSTNADER			
Drift/administrasjon			
Personalkostnader	374 647,00 -	392 422,00	463 048
Driftskostnader	76 458,23 -	158 130,44	181 452
Tap på fordringer	17 300,00 -		
Støtteordning idrettslag			40 000
Kostnader styremøter	4 225,00 -	762,00	1 000
Kostnader krinsting	1 500,00 -		
Kostnader andremøter / representasjon	-	4 534,00	6 000
Utstyrsprosjekt			450 000
Sum adm.kostnader	474 130,23 -	555 848,44	1 112 000
Aktivitetskostnader			
Ungdomsaktivitet	48 394,59 -	84 623,85	50 000
Kretssamlinger	22 770,81 -	71 842,74	50 000
Friidrettsturne	8 173,60	97 005,49	50 000
Ambulerende trenar			100 000
Utdanning	6 929,00 -	3 764,10	2 000
KM		6 955,00	
Sum aktivitetskostnader	86 268,00 -	264 191,18	231 500
SUM DRIFTSKOSTNADER	560 398,23 -	820 039,62	1 343 500
Driftsresultat	12 216,13	192 551,51	0
FINANSPOSTER	5 543,55	2 570,00	
RESULTAT ETTER FINANSPOSTER	17 759,68	195 122,54	

Balanse
Sogn og Fjordane Friidrettskrins

	2021	2020
Eiendeler		
Fordringer		
1500 Kundefordringer	74 000	-2 100
1750 Påløpte inntekt	129 352	14 478
Sum fordringer	203 352	12 378
1920 Bank Drift 07.08470	657 738	808 908
1921 Bank spare 61.10135	1 231 694	1 229 124
Sum bankinnskudd, kontanter og lignende	1 889 432	2 038 032
Sum Eiendeler	2 092 784	2 050 410
Egenkapital		
2050 Annen egenkapital	1 684 794	1 667 034
Årets resultat	195 122	17 760
Sum Egenkapital	1 879 915	1 684 794
2400 Leverandørgjeld	104 369	92 740
2960 Påløpt kostnad/forskuddsbet. inntekt	108 500	272 877
Sum kortsiktig gjeld	212 869	365 617
Sum egenkapital og gjeld	2 092 784	2 050 410


Stad 14.03.22




Håkon Løseth
Styreleiar



Merete Helgheim
Nestleiar



Ingeborg Tysnes
Styremedlem



Kjell Olav Førde
Styremedlem

Øystein Støfring
Styremedlem



Asgeir Ardal
Dagleg leiar

ÅRSBERETNING FRA KONTROLLUTVALET I

SOGN OG FJORDANE FRIIDRETTSKRINS FOR 2021

I henhold til Friidrettskrinsen si lov §23 (om kontrollutval) gir kontrollutvalet med dette si beretning til Friidrettskrinsen.

Kontrollutvalet skal sjå til at verksemda i særkrinsen blir driven i samsvar med regelverket og vedtaka til særkrinsen og overordna organisasjonsledd.

Kontrollutvalet skal sjekke at Friidrettskrinsen sine midlar er anvendt i samsvar med lover, vedtak, bevilgningar og økonomiske rammer, samt at økonomiske disposisjonar er i samsvar med Friidrettskrinsen si lov og beslutningar tatt av idrettskretstinget.

Kontrollutvalget skal vidare forsikre seg om at Friidrettskrinsens interne økonomiske kontroll er hensiktsmessig og forsvarlig sidan Friidrettskrinsen ikkje har engasjert eigen revisor.

Kontrollutvalet skal påsjå at Friidrettskrinsen sin regnskapsførsel er påliteleg og at årsregnskap og delårsrapporter gir et korrekt uttrykk for Friidrettskrinsen si drift og finansielle stilling. Kontrollutvalet skal ved gjennomgang av rekneskapen vurdere Friidrettskrinsens finansielle stilling, forvaltning og drift.

Det har vore helde eit møte i kontrollutvalget. Kontrollutvalet har fått tilgang til samtlige regnskap og styreprotokollar samt andre dokument komiteen har funnet det nødvendig å gjennomgå. Utvalet har fått alle opplysningar frå Friidrettskrinsen sin administrasjon som utvalet har bedt om.

Kontrollutvalet har ingen merknader til årsrekneskapen som viser et overskot på **kr 195 122**, som er overført til egenkapitalen. Etter årets overskot er egenkapitalen **kr 1 879 915**

Kontrollutvalet har gjennomgått det styrebehandla årsregnskapet for 2021. Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med regnskapslova.

Kontrollutvalet avgir med dette beretning til idrettskretstinget om sin gjennomgang av årsregnskapet, budsjetter og budsjettoppfølging og forvaltning generelt. Det materialet kontrollutvalet har fått framlagt gir ikkje grunn til merknader utover det som går fram av denne beretninga.

Kontrollutvalet anbefaler at Friidrettskrinsen sitt årsregnskap for 2021 godkjennast

Førde 20.03.2022

DocuSigned by:
Jøran Laukeland
657C7ABE7E0474
Jøran Laukeland

DocuSigned by:
Sigmund Moldestad
068E4D05B3244E
Sigmund Moldestad

Resultat over 1000 poeng i Sogn og Fj etter Tyrvingtabellen 2020

Navn	Klubb	Klasse	Øving	Resultat	Poeng
Steffen Melheim	Olden IL	G17	Diskos	65,79	1231
Sofie Sunde	Jølster IL	J13	600 meter	1.38,01	1096
Sofie Sunde	Jølster IL	J13	200 meter	26,52	1092
Jakob Slåtten	Jølster IL	G15	300 meter hekk	41,14	1085
Jakob Slåtten	Jølster IL	G15	100 meter	11,55	1068
Leif Magnus Grov Husevåg	Brodd IL	G15	Slegge	56,75	1067
Margrete Strømmen Kjerpeset	Florø Turn og IF	J18	400 meter hekk	1.03,01	1063
Mathias Andreas Reksten Dale	Breimsbygda IL	G17	Kule	17,86	1061
August da Silva Sveen	Jotun IL	G16	1500 meter	4.07,04	1035
Knut Werge-Olsen	Jotun IL	G17	80 meter	9,29	1035
Kristina Hjelle	Breimsbygda	J13	Kule	12,31	1033
Jakob Slåtten	Jølster IL	G13	60 meter (inne)	7,45	1027
Sofie Sunde	Jølster IL	J13	60 meter	8,31	1024
Mathea Svalheim	Sandane Turn og IL	J13	60 meter hekk	9,97	1024
Knut Werge-Olsen	Jotun IL	G17	100 meter	11,36	1023
August da Silva Sveen	Jotun IL	G16	3000 meter	9.04,57	1021
Ruben Alexander Eide Gjerde	Olden IL	G15	100 meter	11,84	1018
Knut Werge-Olsen	Jotun IL	G17	60 meter	7,24	1016
Johannes Konstali-Lødemel	Stryn T og IL	G15	400 meter (inne)	53,89	1016
Åsmund Sunde Førde	Jølster IL	G13	600 meter	1.34,57	1013
Jakob Slåtten	Jølster IL	G15	100 meter hekk	13,88	1013
Deividas Burkauskas	Jølster IL / LTU	G16	100 meter	11,62	1013
August da Silva Sveen	Jotun IL	G16	1000 meter	2.38,04	1011
Arne Devik	Brodd IL	G19	Slegge	62,45	1004
Johannes Konstali-Lødemel	Stryn T og IL	G15	200 meter (inne)	23,98	1001
Marte Hovland	Vik IL	J15	1500m (inne)	4.46,84	1000

Resultat over 1000 poeng i Sogn og Fj etter Tyrvingtabellen 2021

Navn	Klubb	Klasse	Øving	Resultat	Poeng
Steffen Melheim	Olden IL	G18	Diskos	55,71	1126
Marte Hovland	Vik IL	J16	1500 meter	4.25,72	1102
Sofie Sunde	Jølster IL	J14	400 meter	59,23	1090
August da Silva Sveen	Jotun IL	G17	5000 meter	14.53,62	1085
Åsmund Sunde Førde	Jølster IL	G14	600 meter	1.28,45	1078
Erlend Grytten Sunnarvik	Florø Turn og IF	G13	Lengde	5,70	1070
August da Silva Sveen	Jotun IL	G17	3000 meter	8.34,29	1070
Marte Hovland	Vik IL	J16	800 meter	2.12,23	1060
Mathias Andreas Reksten Dale	Breimsbygda IL	G18	Kule	16,61	1060
Erlend Grytten Sunnarvik	Florø Turn og IF	G13	100 meter	12,45	1059
August da Silva Sveen	Jotun IL	G17	800 meter	3.58,62	1056
Sofie Sunde	Jølster IL	J14	200 meter	26,47	1049
Åsmund Sunde Førde	Jølster IL	G14	600 meter	4.22,49	1042
Steffen Melheim	Olden IL	G18	Kule	15,72	1033
Jakob Slåtten	Jølster IL	G16	100 m. hekk	14,27	1025
August da Silva Sveen	Jotun IL	G17	1000 meter	2.34,77	1022
Jakob Slåtten	Jølster IL	G16	300 m.hekk	41,33	1021
Åsmund Sunde Førde	Jølster IL	G14	400 meter	56,12	1015
Sofie Sunde	Jølster IL	J14	60 meter	8,20	1013
Mathea Svalheim	Sandane T. og IL	J14	60 m. hekk	9,63	1013
August da Silva Sveen	Jotun IL	G17	800 meter	1.57,77	1009
Erlend Grytten Sunnarvik	Florø Turn og IF	G13	2000 meter	25,95	1004
Erlend Grytten Sunnarvik	Florø Turn og IF	G13	60 meter	8,00	1000
Knut Werge-Olsen	Jotun IL	G18	60 meter	7,25	1000
Sofie Sunde	Jølster IL	J14	600 meter	1.40,55	1000
Emilie Engelbrektson	Brodd IL	J16	100 meter	12,75	1000

Notatar: